



MØTEPROTOKOLL

Arkivsak: 12/153

Løpenummer: 12/6427

Utval: Formannskapet

Møtestad: Kommunetunet

Møtedato: 24.09.2012

Tid: 12:00 - 14:55

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med §32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene i brev av 13.09.2012 .

Møtet vart kunngjort i ei avis, på heimesida og ved oppslag på kunngjeringsstadar i kommunen.

Desse medlemene møtte:

Atle Kvåle, Ap. Han kom kl 1210 og deltok ikkje på votering i sak 75/12 og 76/12.

Asbjørn Heidal, Krf

Birgitte H.O.Skibenes, SV

Hans S. Vindenes, Sp

Margunn Y. Samnøy, Sp

Mikal Leigland, Sp

Magne Djuvik, Frp

Steinar Skår, H

Forfall og møtande varamedlemar:

Kristine Hjartnes, Frp hadde forfall.

For henne møtte Gunnar Hansen, Frp, som vararepresentant.

Inhabilitet:

Mikal Leigland var ugild i sak 82/12. Inhabiliteten var ikkje meldt inn, det var difor ikkje kalla inn vararepresentant.

Andre som var tilstade på møtet:

Rådmann Berit Fløisand

Kommunalsjef Øyvind Haga kom kl 12.15 medan sak 77/12 vart handsama .

Kontorsjef Gunn Sissel Teigen

Økonomisjef Georg Espenes då sak nr 75/12 – 80/12 vart handsama.

Merknader til innkalling og sakliste:

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Ordfører Hans S. Vindenes, Sp, leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen, 25. september 2012

Hans S. Vindenes
Ordfører

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
075/12	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLANE FRÅ MØTA 06.06. OG 19.06.2012
076/12	DELEGERTE SAKER
077/12	2. TERTIALRAPPORT 2012
078/12	PROSJEKTRAPPORTERING - FORMANNSKAPET 2012
079/12	TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN I FUSA KOMMUNE 2012
080/12	BUDSJETT 2013 - ØKONOMIPLAN 2013-2016 – RAMMER
081/12	OMBYGGING AV IDRETTSANLEGG PÅ HOLDHUS - BRUK AV MVA-KOMPENSASJONSMIDLAR
082/12	HØYRING - SKULE OG TILBODSSTRUKTUR FOR FRAMTIDA HORDALAND FYLKE SIN SKULEBRUKSPLAN
083/12	SØKNAD OM FRITAK FRÅ KOMMUNALE VERV - KRISTIANNA BERGET - SUPPLERINGSVAL
084/12	SØKNAD OM FRITAK FRÅ KOMMUNALE VERV - ÅSE KRISTIN UGLEHUS - EVT. SUPPLERINGSVAL

075/12: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLANE FRÅ MØTA 06.06. OG 19.06.2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møtebøkene frå møta 06.06. og 19.06.2012 vert godkjend.

24.09.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke. (8 røyster)

FOR-075/12 VEDTAK:

Møtebøkene frå møta 06.06. og 19.06.2012 vert godkjende.

076/12: DELEGERTE SAKER

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert teke til orientering

24.09.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke. (8 røyster)

FOR-076/12 VEDTAK:

Saka vert teke til orientering.

077/12: 2. TERTIALRAPPORT 2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune tek tertialrapporten til etterretning.

Fusa kommune godkjenner bruk av disposisjonsfondet til å dekkja følgjande meirutgifter til drift:

- Godkjenner bruk av disposisjonsfondet til dekning av skuldige feieutgifter frå 2011 med inntil kr 489 247,-.
- Fusa kommune gjer vedtak om dekning av skyldige meirutgifter til Jondal kommune i samband med klientsak med kr 288 000,-.

I tillegg løyver Fusa kommune midler til følgjande investeringsføremål:

- Kr 125 000,- vert løyvd til dekning av skyldig meirutgift for erstatning til Kleppsvegen
- Kr 200 000,- vert løyvd til dekning av meirutgift i samband med jordskredsaka på Vinnes/Skåtun.

24.09.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, fremja følgjande forslag til tillegg:
Med utgangspunkt i oppdatert økonomiplan som viser eit negativt avvik på 8,2 mill for 2013, er det svært viktig at alle einingane held budsjettet for 2012. Rådmannen må difor gjennomføra strakstiltaka over for einingar som har overforbruk. Tiltak og rapport for budsjettutviklinga skal rapporterast til formannskapet i neste møte.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

Framlegget frå ordførar Hans S. Vindenes, Sp, vart samrøystes tilrådd.

FOR-077/12 TILRÅDING:

Fusa kommune tek tertialrapporten til etterretning.

Fusa kommune godkjenner bruk av disposisjonsfondet til å dekkja følgjande meirutgifter til drift:

- Godkjenner bruk av disposisjonsfondet til dekning av skuldige feieutgifter frå 2011 med inntil kr 489 247,-.
- Fusa kommune gjer vedtak om dekning av skyldige meirutgifter til Jondal kommune i samband med klientsak med kr 288 000,-.

I tillegg løyver Fusa kommune midler til følgjande investeringsføremål:

- Kr 125 000,- vert løyvd til dekning av skuldig meirutgift for erstatning til Kleppsvegen
- Kr 200 000,- vert løyvd til dekning av meirutgift i samband med jordskredsaka på Vinnes/Skåtun.

Med utgangspunkt i oppdatert økonomiplan som viser eit negativt avvik på 8,2 mill for 2013, er det svært viktig at alle einingane held budsjettet for 2012. Rådmannen må difor gjennomføra strakstiltaka over for einingar som har overforbruk. Tiltak og rapport for budsjettutviklinga skal rapporterast til formannskapet i neste møte.

078/12: PROSJEKTRAPPORTERING - FORMANNSKAPET 2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Prosjektrapporten vert teken til etterretning.

24.09.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Mikal Leigland, Sp, reiste spørsmål om han var ugild då han er entreprenør i Eikhovdaprojektet jf. kommunelova § 40 nr 3, jf forvaltningslova § 6 2. ledd og § 6 1. ledd e) nr 2. Han gjekk frå. Inhabiliteten var ikkje meldt inn, det var difor ikkje kalla inn vararepresentant. Formannskapet vedtok samrøystes at Mikal Leigland var habil då det er ei orienteringssak, og det i saka ikkje er opplysningar om avvik knytt til Eikhovdaprojekt. Mikal Leigland tok plass i møtet.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR-078/12 VEDTAK:

Prosjektrapporten vert teken til etterretning.

**079/12: TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN I FUSA
KOMMUNE 2012****RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN I FUSA KOMMUNE VERT LAGT FRAM TIL ORIENTERING OG DRØFTING.

24.09.2012 FORMANNSKAPET**Handsaming:**

På førespurnad frå ordførar vart det opplyst frå administrasjonen at saka skal vidare til kommunestyret.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR-079/12 TILRÅDING:

TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN I FUSA KOMMUNE VERT LAGT FRAM TIL ORIENTERING OG DRØFTING.

080/12: BUDSJETT 2013 - ØKONOMIPLAN 2013-2016 - RAMMER**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

24.09.2012 FORMANNSKAPET**Handsaming:**

På vegne av Framstegspartiet, Høgre og Senterpartiet fremja Magne Djuvik, Frp, følgjande forslag:

Forslag frå Sp, FrP og H

	2012	2013	2014	2015	2016
1 Fellesteneste, økonomi, rådmann	26600				
Nedbemanning		610	1218	1218	1218
2 Folkevalde organ	3738				
Redusert møtegodtgjersle		213	213	213	213

3					
Oppvekst	72854				
Feriestengt barnehage minus ein		250	250	250	250
SFO opphaldstid, ein betalingssats		90	90	90	90
SFO auke brukarbetaling.		500	500	500	500
Færre val barnehage		250	250	250	250
Strukturendring /effektivsering		1000	3100	3100	3100
4 Byggesak, oppmåling	4274				
Auke brukarbetaling.		150	255	255	255
5 Kyrkje	3509				
Redusert overføring		175	211	211	211
6 Kultur, kulturskule	5203				
Auke brukarbetaling.		137	137	137	137
Nedbemanning		169	280	280	280
7 Legeteneste	5859				
kutt gjennomført 2012					
8 Barn, fam,velferd,PPT,NAV	12418				
Ny stilling til førebygging for barn og unge			-250	-500	-500
9 Heimetenester	32360				
Auka terskel heimetenester			500	500	500
Ambulerande vaktmeister auke brukarbetaling.		90	90	90	90
Nedbemanning		1500	2054	2054	2054
10 FBBS	35648				
ombygging til omsorgs bustadar		2000	2000	2000	2000
Nedbemanning		688	688	688	688
11 Rehabilitering	5328				
Nedbemanning		299	299	299	299
12 Landbruk	1377				
Kutt gjennomført 2012					
13 Teknisk drift	5243				
100% dekning avløp					
100% dekning vatn		250	250	250	250
Ferre kommunalevegar		300	2160	2160	2160
Sum kutt/ auka inntekter		8671	14295	14045	14045

Kommentarer til tabellen.

3. Oppvekst. 2013 Effektiviserings tiltak som ikkje skal gå utover kvaliteten av undervisninga. 2014 vurderer skulestruktur Holdhus – Eikelandsosen. Sulestad begge stadar skal vurderast.

5.Kyrkje. Støtte til Fusa frivilligsentral skal ikkje reduserast.

9.Heimeteneste. Kløvertun dagsenter skal ikkje reduserast.

Andre tiltak.

1.Einingsstrukturen må gjennomgåast. Mål ferre og større einingar.

2.Setta i verk tiltak for å auke folketalet.

3.Låneopptak. Total lånegjeld per 1.1.2013 inklusivt vedtekne låneopptak2013 må ikkje aukast med meir enn 4%.

4. Sjå på sjølvkostprinsippet på alle kommunale avgifter

På vegne av Arbeiderpartiet, Kristeleg Folkeparti og Sosialistisk Venstreparti fremja Asbjørn Heidal, Krf, følgjande forslag:

Budsjett/økonomiplan 2013 – 2016 skal utarbeidast med fyljande innsparing i forhold til 2012 budsjett:

Ansvar/område	Tiltak	2013	2014	2015	2016
FBBS	Ombygging/endra drift	2,8	3,8	3,8	3,8
Oppvekst	Strukturendringar	3	4,5	4,5	4,5
Kom. veier	Red. med 25 km	1	2,0	2,0	2,0
Heimeteneste		0,5	0,5	0,5	0,5
	Auka terskel pleie og omsorg		0,5	0,5	0,5
Byggjesak	Sjølvkost	0,5	0,5	0,5	0,5
Sum kutt/ auka inntekter		7,8 mill	11,8 mill	11,8 mill	11,8 mill

Framlegget frå Magne Djuvik, Frp, vart vedteke med 6 røyster. (2 Frp, 1 H, 3 Sp)

Framlegget frå Asbjørn Heidal, Krf, fekk 3 røyster. (1 Ap, 1 Krf, 1 SV)

FOR-080/12 VEDTAK:

	2012	2013	2014	2015	2016
1 Fellesteneste, økonomi, rådmann	26600				
Nedbemannig		610	1218	1218	1218
2 Folkevalde organ	3738				
Redusert møtegodtgjersle		213	213	213	213
3					
Oppvekst	72854				
Feriestengt barnehage minus ein		250	250	250	250
SFO opphaldstid, ein betalingssats		90	90	90	90
SFO auke					
brukarbetaling.		500	500	500	500
Færre val barnehage		250	250	250	250
Strukturendring /effektivsering		1000	3100	3100	3100

4 Byggesak, oppmåling	4274				
Auke brukarbetaling.		150	255	255	255
5 Kyrkje	3509				
Redusert overføring		175	211	211	211
6 Kultur, kulturskule	5203				
Auke brukarbetaling.		137	137	137	137
Nedbemanning		169	280	280	280
7 Legeteneste	5859				
kutt gjennomført 2012					
8 Barn, fam,velferd,PPT,NAV	12418				
Ny stilling til førebygging for barn og unge			-250	-500	-500
9 Heimetenester	32360				
Auka terskel heimetenester			500	500	500
Ambulerande vaktmeister auke brukarbetaling.		90	90	90	90
Nedbemanning		1500	2054	2054	2054
10 FBBS	35648				
ombygging til omsorgs bustadar		2000	2000	2000	2000
Nedbemanning		688	688	688	688
11 Rehabilitering	5328				
Nedbemanning		299	299	299	299
12 Landbruk	1377				
Kutt gjennomført 2012					
13 Teknisk drift	5243				
100% dekning avløp					
100% dekning vatn		250	250	250	250
Ferre kommunaleveggar		300	2160	2160	2160
Sum kutt/ auka inntekter		8671	14295	14045	14045

Kommentarer til tabellen.

3. Oppvekst. 2013 Effektiviserings tiltak som ikkje skal gå utover kvaliteten av undervisninga. 2014 vurdere skulestruktur Holdhus – Eikelandsosen. Sulestad begge stadar skal vurderast.

5.Kyrkje. Støtte til Fusa frivilligsentral skal ikkje reduserast.

9.Heimeteneste. Kløvertun dagsenter skal ikkje reduserast.

Andre tiltak.

1. Einingsstrukturen må gjennomgåast. Mål ferre og større einingar.
2. Setta i verk tiltak for å auke folketalet.
3. Låneopptak. Total lånegjeld per 1.1.2013 inklusivt vedtekne låneopptak2013 må ikkje aukast med meir enn 4%.
4. Sjå på sjølvkostprinsippet på alle kommunale avgifter

081/12: OMBYGGING AV IDRETTSANLEGG PÅ HOLDHUS - BRUK AV MVA-KOMPENSASJONSMIDLAR**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Ombygging av del av rulleskiløype ved Holdhus oppvekstsenter vert gjennomført som kommunalt utbyggingsprosjekt i samarbeid med Hålandsdal idrettslag. Kommunen vert framleis ståande som eigar av heile anlegget. Kommunen sin del av kostnaden vert mva-kostnaden på inntil kr 63.000, som vert finansiert ved bruk av mva-kompensasjonsmidlar. Øvrig finansiering er midlar frå idrettslaget og bygdeutvalet.

24.09.2012 FORMANNSKAPET**Handsaming:**

Gunnar Hansen, Frp, fremja følgjande forslag:
Saka utsettes på grunnlag av skulestrukturendring.

Framlegget frå Gunnar Hansen fall mot 2 røyster (Frp).

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR-081/12 TILRÅDING:

Ombygging av del av rulleskiløype ved Holdhus oppvekstsenter vert gjennomført som kommunalt utbyggingsprosjekt i samarbeid med Hålandsdal idrettslag. Kommunen vert framleis ståande som eigar av heile anlegget. Kommunen sin del av kostnaden vert mva-kostnaden på inntil kr 63.000, som vert finansiert ved bruk av mva-kompensasjonsmidlar. Øvrig finansiering er midlar frå idrettslaget og bygdeutvalet

082/12: HØYRING - SKULE OG TILBODSSTRUKTUR FOR FRAMTIDA HORDALAND FYLKE SIN SKULEBRUKSPLAN**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Høyringsuttale til Hordaland fylke sin skulebruksplan vert sendt slik det kjem fram av saksutgreiinga.

24.09.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Ordfører Hans S. Vindenes, Sp, orienterte om at denne saka skulle vore i kommunestyret, men pga. høyringsfristen er det formannskapet som gjer vedtak i saka.

Mikal Leigland, Sp, reiste spørsmål om han var ugild då han eig selskap som leiger ut lokale til Fusa vidaregåande skule, jf. kommunelova § 40 nr 3, jf forvaltningslova § 6 2. ledd, jf. § 6 1. ledd e) nr 2. Han gjekk frå møtet. Inhabiliteten var ikkje meldt inn, det var difor ikkje kalla inn vararepresentant. Mikal Leigland, Sp, vart samrøystes kjend ugild.

Uttale frå Fusa ungdomsråd vart delt ut i møtet.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke med følgjande tillegg:
Vedtaket frå Fusa ungdomsråd vert også sendt som ein del av høyringsuttalen frå Fusa kommune.

FOR-082/12 VEDTAK:

Høyringsuttale til Hordaland fylke sin skulebruksplan vert sendt slik det kjem fram av saksutgreiinga.

Vedtaket frå Fusa ungdomsråd vert også sendt som ein del av høyringsuttalen frå Fusa kommune.

083/12: SØKNAD OM FRITAK FRÅ KOMMUNALE VERV - KRISTIANNA BERGET - SUPPLERINGSVAL

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

SØKNAD OM FRITAK VERT IMØTEKOMEN.

_____ VERT VALT SOM NYTT MEDLEM I KONTROLLUTVALET.

24.09.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Formannskapet tilrådde samrøystes at søknad om fritak vert imøtekomen.

Ordfører Hans S. Vindenes, Sp, fremja følgjande forslag som vart samrøystes tilrådd:
Til kommunestyremøtet kjem Fusa Høgre med forslag om nytt medlem i kontrollutvalet.

FOR-083/12 TILRÅDING:

Søknad om fritak vert imøtekomen.

Til kommunestyremøtet kjem Fusa Høgre med forslag om nytt medlem i kontrollutvalet

**084/12: SØKNAD OM FRITAK FRÅ KOMMUNALE VERV - ÅSE
KRISTIN UGLEHUS - EVT. SUPPLERINGSVAL**

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram for formannskapet for tilråding til kommunestyret.

24.09.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, fremja følgjande forslag som vart samrøystes tilrådd:
Søknad om fritak vert imøtekomen.

Til kommunestyremøtet kjem Fusa Ap med forslag om nytt medlem i ungdomsrådet.

FOR-084/12 TILRÅDING:

Søknad om fritak vert imøtekomen.

Til kommunestyremøtet kjem Fusa Ap med forslag om nytt medlem i ungdomsrådet.